

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13

Styremøte 06.02.2024 - Digitalt møte

Deltakarar: Marta Sofie Vange, Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Marte Hammer, Kristoffer Amdal, Anita Riskedal Husøy, Vibeke Johnsen,
Forfall: Ingvald Torblå
Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Sak 01/24 Referat frå styremøtet 31.10.2023

Teke til vitande.

Sak 02/24 Meldingar

Ingen nye meldingar.

Svar frå statsråden i høve brevet om stenging Lærdalstunnelen er sendt ut før.

Sak 03/24 Fjordvegen sine rammer og administrative ressursar 2024, status og moglege endringar og konsekvensar

Trude Rinaldo orienterte.

Fjordvegen er innarbeida i oppgåvene til administrasjonen i Hardangerrådet iks etter faste avtalar og angitt stillingsdelar, og vil såleis verta prioritert i samsvar med forventningar også framover.

Det er ikkje tilsett ny dagleg leiar i Hardangerrådet iks. Trude Rinaldo fortset med ansvar og gjennomføring av arbeidsoppgåvene.

Vedtak:

Fjordvegen Riksveg 13 ber om gjennomgang av skriftleg avtale med Hardangerrådet iks for oppgåver og stillingsressurs tilknytta dagleg leiar.

Sak 04/24 Årsmøte 2024. Scandic Flesland Airport Hotel 4.mars kl 15.30. - 17.00

Årsmøtesakene vart gjennomgått og godkjent med dei oppdateringar i tekst som vart gjort i møtet.

Kontingentar er føreslått uendra for 2025.

Medlemsrekruttering skal prioriterast, fleire i styret ønskjer å delta i dette lokalt.

Langtidsbudsjett er basert på indeksregulering. Handlingsprogrammet har små justeringar. Årsrekneskapen 2023 kan godkjennast, men føreset godkjenning frå revisor. Revisor sin rapport blir ettersendt så fort han ligg føre.

Styret vil at forslag frå valnemnda vert sendt før årsmøtet, og at valnemnda vert påmint dette (Jf. Nye vedtektene §7).

Styret føreslår nye medlem til valnemnda.

Vedtak:

Årsmøtesaker inklusive årsrekneskap og årsmelding er godkjent for framlegging til årsmøtet.

Sak 05/24 Årskonferansen 2024 måndag 4. mars - Scandic Flesland Airport Hotel v/ Hanne

Hanne Sundbø orienterte:

Program og arrangement til Årskonferansen vart gjennomgått.

Ei arbeidsgruppe med styreleiar og nestleiar bistår administrasjonen for effektiv framdrift.

Økonomi: Budsjettet kan gå i balanse føreset ca 75 deltakarar totalt med ca 50 betalande deltakarar. Arbeidsgruppa har akseptert kostnad til møteleiar og teknisk hjelp.

Det er ikkje store kostnadar knytt til innleiarane, og styret er høyrd i høve deltaking frå

leverandør av rassikrings-løysing.

Ordning som før ved at styret dekker sine egne kostnader til konferanseavgift, overnatting, middag m.v.

Aktiv marknadsføring må til frå alle involverte.

Alle vert oppmoda til å stilla på konferansen med fleire frå eigen kommune.

Viktig å få pressedekning.

Styret får eigen epost om sine påmeldingsdetaljar.

Styreleiar ber alle å senda bilde til Hanne av lokale ras til fri bruk under arrangementet og seinare.

Sak 06/24 Fast Post:

Gjennomgang av status for Rv13

Sogn:

Lite nytt. Vikafjellet er lenge stengt pga ras og rasfare frå 31.1. til truleg 7.2. Hending med entreprenørbil teken av snøras.

Hardanger:

Det har vore svært ille med ras og stengde vegar i desember, og to periodar i januar. Odda har vore fullt og heilt isolert i mange dagar, der båttransport har vore einaste alternativ. For beredskap er dette svært utfordrande, og dei må ta stor eigen-risikoar når dei MÅ gjennom desse områda. Uklåre linjer mellom vegvesen, Helse Fonna og lokale instansar. Me må kjempa for rassikring framover - dette må myndigheiter ta på alvor!

Rogaland:

Store delar av riksveg 13 gjennom Suldal har vore stengd i løpet av dei siste vekene, på grunn av ras og preventivt pga fare for ras, både Brattlandsdalen, langs Suldalsvatnet og Sand - Lovraeidet. Dette er svært utfordrande å forhalda seg til, og næringsliv og lokalsamfunn lir under dette.

Sak 07/24 Innmeldte saker/Ymse

Spørsmål frå Stortinget/Høgre: I samråd med styreleiar har administrasjonen levert utgreiing i januar omkring spesifikke punkt knytt til oppfølginga av Stortinget sine anmodningsvedtak for gjeldande NTP. Tilsvarende har Nasjonal rassikringsgruppe gjort. Det er positivt å bli bedt om innspel.

Invitasjon frå Bergen Næringsråd: Fjordvegen RV13 har deltatt på eit felles nettmøte om koordinering av dei forskjellige vegselskapa sin innsats i høve NTP denne våren, m.a. planlegging av ein felles konferansen 9.april på Flesland.

Fjordvegen har levert sine premissar og informasjon om eigen konferanse 4. mars, og avventar vidare aktivitet.

Deltaking Arendalsveka 2024: Dersom Fjordvegen Riksveg 13 skal delta på Arendalsveka i august 2024 saman med Nasjonal Rassikringsgruppe i Samferdselsteltet, må det vera ein frå styret som reiser og er debattant. Saka blir drøfta på neste styremøte.

Vegkonferansen for Haugalandet, Aksdal 8.2.: Hanne deltek frå administrasjonen.

Kinsarvik 06.02.2024

Referat v/ sekretariat Hanne Sundbø og Trude Rinaldo